

Årsmelding

Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2008

Årsmøtet 2008

Årsmøtet var lagt til Skei Hotell, laurdag 29.mars

11 av medlemslaget var representerte med til saman 17 utsendingar + styremedlemmar, dagleg leiar og observatørar. Til saman 23 personar.

Saker: Vanlege årsmøtesaker.

Styret har i 2008 vore samansett slik:

| | |
|-------------------------|-------------|
| Aslak Johnsen | styreleiar |
| Jens Brekke | nestleiar |
| Øystein Dahl | styremedlem |
| Linda Fluge | styremedlem |
| Helene Myklemyr Bolstad | styremedlem |

Varamedlemmar:

| | |
|---------------|-------------------|
| 1.varamedlem | Mari Andrea Ness |
| 2. varamedlem | Bjørnar Slåtten |
| 3. varamedlem | Anne Grete Hukset |

Revisor: Kjell Sverre Snøtun

Fyrste varamedlem har vore innkalla til alle styremøte.

Valnemnd: Johannes Rotihaug, Tormod Øvrebø, Målfrid Stuhaug.

Møter og saker:

Det har vorte halde 6 styremøte. 3 av dei var telefonmøte. Elles har ein del saker vore drøfta på telefon og e-post. Det er behandla 33 saker.

Medlemmar.

Laget hadde 732 medlemmar pr. 31.12 2008. 66 ungdomar, 102 born og 564 vaksne

Av desse er 9 stk. direkte innmeldt til fylkeslaget. 20 lokallag var medlem.

Kontoret

Dagrun Hesjevoll har hatt ansvaret for den daglege drifta av laget og er tilsett i 50 % stilling.

Oppgåvene er mange og varierte, frå dei rutineprega til dei meir utfordrande og kreative.

Ressursane både på tid og pengar er for små til å kunne gjere alt som laget ynskjer.

Heimesidene strevar ein med, men det vert jobba med saka.

Adresser : www.folkemusikklaget.no www.mokurset.no www.vestlandskappleiken.no

e-post til kontoret: dagrun@folkemusikklaget.no

Kontoret vert ofte kontakta for hjelp, opplysningar med meir frå publikum.

Nemnder:

Kappleksnemnd: Aslak Johnsen, Kirsten Friis og Mari Andrea Ness er i gang med å sjå på klasseinndeling, nye tevlingsgreiner, retningslinjer o.s.v. I samband med dette så har ein hatt ei høyring til medlemslaget, på inndelinga junior/ senior som har vore brukt på dei siste kappleikane. 11 lag har svara, 10 lag ynskte denne ordninga og eit var i mot.

Kappleikar

Fylkeskappleiken vart skipa til i Naustdal med Naustedalen spelemannslag som arrangør. Nytt av året var tevling i dans, gamaldans, etter oppfordring frå medlemar. Dette skal vere ein måte å rekruttere fleire dansarar til tevlingane. Til denne klassen melde det seg 16 par. Kappleiken hadde 89 startnummer. Kappleiken var triveleg og godt gjennomført.

Her er ei oversikt over klassevinnarane

| |
|---|
| Hardingfele senior: Dagfrid Vallestad. Gaular spelemannslag |
| Hardingfele, junior: Mathilde Skjæret. Jostedal spel og dansarlag |
| Hardingfele junior, gjesteklasse : Alexander Røynstrand. Hardanger spelemannsalag |
| Vanleg fele senior: Arne Sølvberg. Spelemannslaget Fjelljom |
| Vanleg fele, junior: Nikolai Storevik, Spelemannslaget Fjelljom |
| Eldre folkemusikkinstrument: Geir Helge Sunde, Fjellklang spelemannslag |
| Lagspel Hf , senior: Indre Sunnfjord spelemannslag |
| Lagspel junior :Jostedal spel og dansarlag |
| Lagspel Vf –senior: Spelemannslaget Fjelljom |
| Lagspel junior: Ferske Fjelljom . |
| Lagspel, gamaldans, senior: Indre Sunnfjord spelemannslag |
| Solistklasse junior: Norill Terese Norheim, Jostedal spel og dansarlag |
| Solistklasse , senior: Einar Eimhjellen . Naustedalen spelemannslag |
| Solistklasse, feler: Jon Oddvar Kandal. Breim spelemannslag |
| Gamaldansgrupper, senior: Kandals kvarttett. Breim Spelemannslag |
| Toradarlag, senior: Naustedalen toradargruppe. |
| Gruppespel hardingfele junior: Tufsene, Indre Sunnfjord spelemannslag |
| Song, senior: Judith Vestreim: Sogn spel og dansarlag |
| Song, junior: Kristoffer Haugen. Hornindal spelemannslag |
| Lagdans, senior: Jostedal spel og dansarlag |
| Bygdedans, senior: Mari A. Ness / Atle Hoff . Gaular spelemannslag |
| Bygdedans, junior: Katrine Aarøen og Ørjan Fjellkårstad. Spelemannslaget Fjelljom |
| Lausdans, senior: Atle Hoff. Gaular Spelemannslag |
| Gamaldans, senior: Gunnar Bolset og Sigrid Gjelsvik . Naustedalen spelemannslag. |

Vandrepromi, oppsett av Hornindal spelemannslag i 2006, vart vunnen av Arne Sølvberg for andre gong.

Vestlandskappleiken

Voss spelemannslag sto for tilskipinga. Fredagen vart tevlinga liten, då mange hadde fått lov til å vente med si framføring til laurdag, noko som mange følte vart feil. Totalt var det 76 startnummer, omtrent det same som i 2007. I 2008 hadde Voss spelemannslag fleire markeringar av Sjur Helgeland og denne markeringa vart avslutta med stor konsert i Osasalen.

Elles ein fin og triveleg kappleik.

Frå premielista tek ein med dei som hevda seg best denne gongen, frå vårt fylke.

Dans hardingfele kl A: Nr1. Leikny Åsen og Vidar Underset. S. og Fj. Folkemusikkklag

| |
|---|
| Nr 3 Mari Andrea Ness og Atle Hoff . Gaular Spelemannslag |
| Lausdans kl.B: Nr1: Atle Hoff Gaular spelemannslag |
| Lagspel hardingfele, senior: Nr 2.Gaular Spelemannslag |
| Lagspel, junior: Nr 2. Jostedal spel og dansarlag. |
| Spel hardingfele kl C: Nr1. Erlend Apneset ,Indre Sunnfj. Spelemannslag. |
| Hardingfele kl B. Nr2: Dagfrid Vallestad,Gaular Nr 3. Mari Ormberg, Jostedal s.d.lag. |
| Fele kl. A. Nr 1. Jon Oddvar Kandal |
| Fele kl B. Nr 1. Jofrid Nedrebø |
| Durspel, junior: Norill Terese Norheim. Jostedal spel og dansarlag |
| Gruppespel hard.fele, junior: Nr 2: Tufsene . Indre Sunnfj. spelemannslag |
| Eldre folkemusikkinstrument: Nr 1. Irl Schau Johansen, Gaular spelemannslag |

Sjokoladekappleiken

vart halden på Mo laurdag 10.mars. Omtrent 70 deltagarar + fylgje. Tilsaman ca 120 var samla til ein triveleg kappleik. Kappleiken er uformell og ein arena der borna får tevle på andre premissar enn på ein vanleg kappleik med sjokolade som premie. Her er plass til alle og borna stortrivst. Me fekk sjå og høyre mange gode presentasjonar og fleire prisar vart delt ut.

Tusen takk til alle som stiller opp for desse arrangementa. Det krev stor innsats, utan å få så mykje klingande mynt til lagskassa. Men glede får ein i stort mon, av alle gode prestasjonar på scena. Det er svært viktig med desse møtestadane og ikkje minst synleggjeringa av folkemusikken og –dansen.

Folkemusikkprisen.

Sogn og Fjordane folkemusikklag delar anna kvart år ut folkemusikkprisen til personar, lag eller institusjonar som har gjort seg særleg fortent til dette. I år vart prisen utdelt på fylkeskappleiken i Naustdal og den gjekk til Harald Hesjevoll frå Jostedalen. Han fekk prisen for det store arbeidet som han har lagt ned for folkemusikken, spesielt i heimbygda. I grunngjevinga sto det bl. a. at det at det var han og takke at folkemusikken overlevde i bygda. Han var svært oppteken av den lokale tradisjonen, som han som unggut lærde hjå eldre spelemenn i bygda. Spesielt hjå onkelen Sjur Hesjevoll som han byrje i læra hjå som smågut. Han har undervist både på hardingfele og trekkspel. Saman med sine gamaldansgrupper har han gjeve ut fleire plateproduksjonar. Han var tilsett som fylkesmusikar i S. og Fj i 17 år.

Kursverksemnd

Mokurset

Mokurset gjekk av stabelen 3.- 9. august. Kurset var utvida med ein dag fordi kurset hadde 25 års-jubileum. Kurset hadde 76 kjekke deltagarar, frå 10- 20 år Mange tidlegare elevar, men i år fleire nye enn vanleg , frå nabofylka i sør. Dei var spente, og litt nervøse til oppstart på søndagskvelden. Men det gjekk ikkje lenge før alle var som ein gamal, trygg vennegjeng. I tillegg til intens læringspå kurset, så var det sosialt samvær, grilling, bading , fotballkamp med meir. Elevane likte seg godt, som tidlegare år.

Lærarkreftene i år var: Sigmund Eikås, Lajla Storli, Sølvi Lien, Aslak Johnsen, Siri Dyvik, Erling Berstad , Jofrid Nedrebø og Mari Skeie Ljones. Toradar var det Leif Ingvar Ranøien som var ansvarleg for. Trekkspelarane tok Øyvind Sandum seg av. Jens Brekke sto for lur og bukkehorn. Solbjørg Tveiten hadde song. Bjørnar Slåtten. Inger Furevik og Daniel Eikås tok seg av danse-øktene på dagtid. Arngunn Timenes Bell var med som fagleg/ musikalsk leiar. På kurset hentar ein inn felemakar til å ta seg av mindre manglar på instrumenta til elevane.

Dette gjer ein for at lærarane skal sleppe å bruke undervisningstid på felestell. Asbjørn Fonn stelte med dette og hadde arbeid i to dagar. Edel Skjæret var med som praktisk medhjelpar. Kursleiar var Dagrun Hesjevoll.

Kursstaden er for liten med omsyn til rom og undervisningslokale, men elles så kan me ikkje finne betre plass å vere.

Tine Meieri på Byrkjelo fortunar ein stor takk fordi dei sponsa oss med meierivarar også i år.. Nor-drikk sponsa med vatn, dette er med på å redusere brusdrikkinga. Takk for det. Styre stilte opp som nattevakter med Aslak Johnsen, Jens Brekke, Mari Andrea Ness. I tillegg Edel Skjæret og Dagrun Hesjevoll. Stor takk til dei.

Frå hausten 2008 har Folkemusikklaget engasjert Gro Marie Svidal på timebasis som prosjektleiar for Mokurset.

Inspirasjonskurs

Kurset vart avvikla for tredje gong. Gro Marie Svidal var instruktør. I år var det blanding av fele, saksofon og song med på kurset. Ein lurblåsar og var med i nokre timer. Det var 7 deltararane som hadde det kjempefint, lærde mykje og vart inspirerte av kvarandre. I tillegg var to elevar frå andre grupper med i nokre timer.

Dansekurset som var planlagt med Ami Peterson og Håkon Drægelid måtte avlyast. Det var lagt ned mykje arbeid på tampen for å hente inn deltararar, men det lukkast ikkje å få mange nok.

Jubileumskonsert.

Konserten på årets Mokurs var "best ever". Flott program med bl. a dramatisering av "Fanitullen" og flott musikkinnslag med inspirasjonskurset, med alle sine ulike instrument. Det var sett opp storskjerm, der det vart synt biletet, tekne på kurset. Torgeir Timenes Bell sto for dette og gjorde ein god jobb. Elevane gav oss ein flott jubileumskonsert, der dei fekk syne fram det dei hadde lært denne veka.

Sande kro lånte oss scene og det vart leigd inn lys frå Sogn og Fjordane teater. Dermed fekk publikum ein heilt anna oppleveling av konserten. Takk til Arngunn Timenes Bell og Gro Marie Svidal som sto for opplegget. Dagrun Hesjevoll og Sigmund Eikås fekk overrekt gawe av leiaren Aslak Johnsen.

Førdefestivalen ved Hilde Bjørkum kom med flott jubileumsgave til Mokurs-elevane . Dei får gratis billettar til festivalen i 2009. Solbjørg Tveiten kom med blomar og helsing frå LfS. Det var sendt invitasjon til kulturetaten i fylket, fylkesordførar og kulturutvalet, men ingen hadde tid til å vere med på feiringa.

Årsmøte i LfS

LfS sitt årsmøte vart lagt til Førde 1.-2. november, etter søknad frå folkemusikklaget. Indre Sunnfjord Spelemannslag var vertskap og møte vart lagt til Sunnfjord Rica Hotell. Spelemannslaget laga ein flott konsert med dans etterpå, for utsendingane og publikum elles.

Rolf Myklebust mingefond

Fondet står pr. 31.12.2008 med 109240.- og er bygt opp av sal av Myklebusthefta og med tilføring av overskotsmidlar frå laget i gode tider. I år er det renter som er tilført fondet, Det er delt ut tilskot frå fondet til Spelemannslaget Fjelljom si markering av Rolf Myklebust. Det er framleis hefter på lager, men hefte nr. 2 og 3 er utselde og få att av nr.3.

Skumringstimen.

Det er framleis bøker på lager, men salet er lite no.

ØKONOMI

I 2008 har ein eit brukbart overskot.

Det vert søkt støtte overalt der det er håp om å få midlar til arbeidet. Dette er naudsynt for å gjennomføre arbeidet og behalde sekretären, som ein treng for å kunne drifta tiltaka for born og unge.

Det største bidraget kjem frå : Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

I tillegg har ein fått støtte frå: Norsk Musikkråd, Norsk kulturråd (LNU) Rådet for folkemusikk og –dans, Luster Sparebank og Spar Gaupne / Skei v/Ole Jonny Uthus.

Tine Meieri, Byrkjelo og Nor-Drikk på Sandane har sponsa oss med meierivarar og vatn.

Folkemusikklaget takkar alle som har støtta oss.

SAMARBEID MED ANDRE

Folkemusikklaget har samarbeid / kontakt med desse organisasjonane og institusjonane:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga / fylkesarkivet.

Norsk Musikkråd

Sogn og Fjordane kulturnettverk

Landslaget for spelemenn

Rådet for folkemusikk og folkedans

Hordaland Folkemusikklag

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Seminar, møte og representasjon

Mvo- seminar på Ål: Dagrun Hesjevoll og Gro Marie Svidal

Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Dagrun Hesjevoll

Møte med Fylkeskulturetaten, Førde 30.okt.: Aslak Johnsen, Jens Brekke og Dagrun Hesjevoll

Lagleiarsamling i samband m/ årsmøte i LfS: Øystein Dahl og Dagrun Hesjevoll

Årsmøte i LfS: Mari Andrea Ness og Dagrun Hesjevoll

Representantskapsmøte i Førdefestivalen: Dagrun Hesjevoll

Rolf Myklebust-markering og plateslepp i Stryn: Aslak Johnsen

Medlemskap:

Landslaget for Spelemann

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Norsk Folkemusikklag

Sogn og Fjordane kulturnettverk

Laget er representert i:

Ragnar Viggdals mindefond: Dagrun Hesjevoll

Sogn og Fjordane kulturnettverk: Dagfrid Vallestad med Sigmund Eikås som varamedlem

Linda Fluge er med i valnemnda.

Landskappleiken på Oppdal og Landsfestivalen i Sjåk.

Arrangør er LfS, men dette er tiltak som våre medlemar deltek på i stor mon og som me arbeidar for å få endå fleire til å vere med på.

Landskappleiken

Mange var med å tevla frå vårt fylke, til saman 44 startnummer. Her tek ein med dei som hevda seg blant dei tre beste i dei ulike klassane

| |
|--|
| Lag spel HF. Junior: Nr 3. Molaus. Indre Sunnfj. Spl. / Jostedal spel og dansarlag |
|--|

| |
|--|
| Lag spel hf.senior: Nr 2 Team Gløs Tøs. Studentlag frå Trondheim med medlemar frå fylket |
|--|

| |
|---|
| Hardingfele B: Nr 2 Arngunn T. Bell Nr 3. Dagfrid Vallestad . Båe frå Gauld spelemannslag |
|---|

| |
|---|
| Dans fele. A : Nr2. Silje og Audun Sølvberg, Spelemannslaget Fjelljom |
|---|

| |
|--|
| Dans fele C: Nr 1 Katrine Aarøen og Sigbjørn Hagen, Spelemannslaget Fjelljom |
|--|

| |
|---------------------------------|
| Gruppespel, senior. Nr 3 Huldra |
|---------------------------------|

| |
|---|
| Song, junior: Kristoffer Haugen, Horindal spelemannslag |
|---|

| |
|-----------------------|
| Instrumentutstilling: |
|-----------------------|

| |
|---|
| Vanleg fele: Sølvmedalje til Asbjørn Fonn |
|---|

Landsfestivalen

Denne var arrangert i Sjåk. Det var 14 startnummer frå vårt fylke, men ingen av våre deltakarar hevda seg blant dei tre beste i sine klassar denne gongen.

Folkelarm

Tiltaket samlar mykje ungdom, også frå vårt fylke. Førdefestivalen stilte med stand. Fylkeslaget deltok ikkje p.g.a kostnadane.

Førde internasjonale folkemusikkfestival:

Medlemar frå oss møter i stiftinga.

I styret møter: Sturla Bell Fossen med vara Synnøve Bjørset.

I representantskapet for festivalen møter Aslak Johnsen med Dagrun Hesjevoll som vara.

Medlemar frå organisasjonen er med på alle plan i festivalen, både som ”arbeidarar” og utøvarar.

ANDRE FOLKEMUSIKKTILTAK I FYLKET

Her tek me med andre tiltak /hendingar som ikkje vert drivne av folkemusikklaget, men der folkemusikkutøvarar er med. Dei set folkemusikken frå fylket, på kartet.

Me har med dei hendingar og tiltak som me har opplysningar om og som me trur medlemane våre har interesse av.

Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane.

Sigmund Eikås, Elin Grytting , Oddbjørn Ramstad, Vidar Underset og Synnøve Bjørset er tilsett i stillingane.

Øyvind Lyslo er fylkesmusikkleiar, men er og med ute på vegen.

Musikarane har faste oppdrag i sine lokalmiljø og elles oppdrag både gjennom den kulturelle skulesekken, Førde-festivalen, Sogn og Fjordane Teater og andre.

Førde internasjonale folkemusikkfestival saman med Sogn og Fjordane Teater og Fylkeskommunen_sette opp barneførestillinga ”Den vesle prinsen” til festivalen i 2006.
Aktørar er: Gro Marie Svidal, Ulf Arne Johannessen og Tom Karlsrud. Dei turnerar framleis både i inn og utland. Dei kallar seg no: Kompani B612.

Elin Grytting har saman med Jens Brekke turnert i skulane i fylket med førestillinga ”Kandissukker og lampeolje”

”Tett på ” er ein turne som folkemusikarane reiste fylket rundt med. Dei har og hatt framsyningar av forestillinga ”På gyngande grunn ” saman med musikarar frå Hordaland.

Diverse om folkemusikarar frå fylket:

Einar Eimhjellen vart under Fylkeskappleiken tildelt ”Kongens fortjenestemedalje i sølv ”

Erlend Apneset fekk ”Audhild Flaktveit`s minnepris for 2008

Britt Pernille Frøholm kom med plata ”Allje dei ”

Sigrid Moldestad fekk Spelemannsprisen for plata ” Taus”

Låten hennar ” Samuline Seljeset” vart kåra til årets fylkestopp i NRK, Sogn og Fj.

Derfrå fekk ho og ” Lutt-prisen, som er årets artist i S.og Fj.

Gloppen kommune gav Sigrid kulturprisen for 2008

Honndalstausene feira 25 års-jubileum og kom med ny plate: ”Gamle Nordfjord”

Arne Sølvberg og Synnøve Bjørset fekk arbeidsstipend frå staten.

Unni Løvlid fekk og stipend frå staten. Ho turnerar mykje i utlandet, bl.a. med forestillinga ”

Bukkerittet”. Unni er og tildelt pris frå Canada for plata ”Rite”.

Fjelljom Spelemannslag gav ut plata ” Historisk sus” med arkivopptak av Alfred Maurstad.

Jens Maurset og Rolf Myklebust. I samband med dette vart det avduka eit bronserelieff av Myklebust.

Hanne Kristin Fridtun vart tildelt Emil Bolstad` s legat for 2008.

Ingrid Stuhaug vart tildelt Sparebanken Vest sin kulturpris.

Selje kommune markerte 100års-jubileum for Paul Berstad. Berstad var den som fekk

Folkemusikklaget sin fyrste utdeling av ” Folkemusikkprisen”

SLUTTORD:

Så er også mangfaldsåret gått over i historia. For Sogn og Fjordane folkemusikklag sin del har nok eit år rasa av garde, og heller ikkje dette året vart alt slik som vi heilt ville. Men den økonomiske situasjonen ser nokolunde bra ut. Takka vere eit snevert forbruk på alle kantar med det vi gjer.

Fokuset framover vil vere å vidareutvikle laget vårt. Vi heng ikkje heilt med i tida i forhold til heimesidene våre, men vi kjem dit. Enn så lenge takkar vi stort for den hjelp vi får på det holdet. Synnøve Bjørset og Frode Rolandsgard (LfS) har gjort ein god jobb for oss der. Men endå treng vi innspel frå medlemslaga og medlemmar om arrangement og tilskipingar som de ynskjer skal ligge der.

Ein stor takk til alle, som også dette året har vore til hjelp og støtte for folkemusikklaget.

Med alt i frå tips og råd, til arbeid i nemnder. Og sist men ikkje minst til lokallaga og enkeltmedlemmar som står på for folkemusikken og -dansen i fylket vårt

Og som dagleg leiar seier så godt” hugs det er DE som er laget”

Aslak Johnsen (s)

-styreleiar-

Jens Brekke (s)

-nestleiar-

Øystein Dahl (s)

Linda Fluge (s)

Helene Myklemyr Bolstad (s)

Dagrun Hesjevoll (s)

-dagleg leiar-

